



MØTEBOK 02/26

LEVEKÅRSUTVALET

Møtedato: 08.06.2026**Møtetid:**

Kl. 14:00 - 18:05

Møtestad: Sula rådhus, 4. etg**Saksnr.:**

010/26 – 014/26

Følgjande medlem møtte

Karoline Antonie Slinning

Terje Holmedal

Bjørn Kristian Blomvik Eikrem

Øystein Båtnes

Vibeke Bjørkavåg

Elin Kilvik Skeide

Jan Magnar Sandvik

Parti

AP

AP

FRP

FRP

H

KRF

SUL

Også ordfører Turid Kristin Sand

H

Humlen deltok

Møteleiar:	Jan Magnar Sandvik
Frå administrasjonen:	Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen, kommunalsjefane Ragnhild Hanken Skjong (oppvekst og kultur) og Gunhild Fjeldvig Tørlen (helse og meistring), einingsleiarane Grethe Elise Gjørvad Øen (helsetenesta), Torunn Veddeng (heimetenesta), Cecilie Ørjasæter (bukollektiva), rådgivar Jarl Anders Moe (helse og meistring), Hanne Merethe Refsnes (spesialsjukepleiar heimetenesta ytre), Abegail Masocol Helland (fysioterapeut) og politisk koordinator Frode Elias Synnes.
Innkalling:	Ok.
Sakliste:	Ok.
Utlevert i møtet:	2 ark vart utdelt under behandling av sak 011/26.
Diverse:	

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
010/26	Godkjenning av møtebok nr. 01/26	
011/26	Årsrekneskap og årsmelding 2025, Tilstandsrapport barnevern 2025	
012/26	Tildeling tilskot til kultur- og idrettsformål 2026	
013/26	Referatsaker	
014/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar	

010/26: Godkjenning av møtebok nr. 01/26

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Levekårsutvalet 08.06.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

LEV - 010/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent.

011/26: Årsrekneskap og årsmelding 2025, Tilstandsrapport barnevern 2025

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret godkjenner Sula kommune sin årsrekneskap for 2025.

Kommunestyret godkjenner Sula kommune si årsmelding for 2025.

Kommunestyret tek Tilstandsrapport 2025 Barneverntenesta Sula kommune til vitande.

Behandling i Levekårsutvalet 08.06.2026

Utvalet fekk utlevert på papir samfunnsmål 1 - "Barn og unge i Sula skal ha gode oppvekstvilkår" og samfunnsmål 2 - "Sula kommune har inkluderande og aldersvenlege lokalsamfunn". Desse interne dokumenta vil bli ferdigstilte og gjort offentlege etter at saka er ferdigbehandla av kommunestyret 17.06.26.

Kommunedirektør orienterte.

Det var ei lengre runde med spørsmål og svar.

Utvalet ønsker for framtida litt meir djuptgåande informasjon om avgrensa tema slik at ein kan få meir inngåande kunnskap om enkelte tema.

Terje Holmedal (AP):

Erstatte siste setning i omtalen av heiltidskultur, jf s 29 i årsmeldinga del 2 med:

Sula kommune vil arbeide aktivt for at alle tilsette skal ha moglegheit til 100 % stilling.

Grunnlag for forslaget:

Sula kommune som arbeidsgivar bør ikkje i sluttkommentaren legge vekt på dei tilsette som ikkje ynskjer auke i stilling. Dette er å sende negative signal til dei som ynskjer auke.

Ved avstemming vart kommunedirektør si innstilling samrøystes vedtatt.

Endringsforslaget til Terje Holmedal var vedtatt med 6 mot 1 stemme (KrF).

LEV - 011/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner Sula kommune sin årsrekneskap for 2025.

Kommunestyret godkjenner Sula kommune si årsmelding for 2025 med endring av at siste setning under heiltidskultur blir erstatta med "Sula kommune vil arbeide aktivt for at alle tilsette skal ha moglegheit til 100 % stilling".

Kommunestyret tek tilstandsrapport 2025 barneverntenesta Sula kommune til vitande.

012/26: Tildeling tilskot til kultur- og idrettsformål 2026**Kommunedirektøren si innstilling:**

Langevåg IL Fotball blir tildelt kr 400 000 i tilskot til rehabilitering av kunstgrasbane.

Tildelinga føreset at Langevåg IL blir innvilga statlege spelemidlar.

Behandling i Levekårsutvalet 08.06.2026

Kr. 250 000 til Langevåg IL

Kr. 150 000 til fordeling på dei 4 andre søkarane til nærmiljøtiltak (fordelt prosentvis i forhold til sum det er søkt om).

Kommunedirektør si innstilling vart sett opp mot forslag frå Øystein Båtnes.

Komunedirektør si innstilling vart vedtatt med 5 mot 2 stemmer (Frp).

LEV - 012/26 Vedtak:

Langevåg IL Fotball blir tildelt kr 400 000 i tilskot til rehabilitering av kunstgrasbane.

Tildelinga føreset at Langevåg IL blir innvilga statlege spelemidlar.

013/26: Referatsaker

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Levekårsutvalet 08.06.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

LEV - 013/26 Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

014/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Levekårsutvalet 08.06.2026

Spørsmål frå Elin Kilvik Skeide (KrF):

Dette er ei viktig sak som gjelder Levekår for barn og ungdom. Hva er begrunning for ikke å følge Utdanningsdirektoratet sin anbefaling ang filter for hele barneskolen? Hvilke læringsressurser og digitale undervisningsverktøy slutter da å fungere? Hvem har ansvaret i tidsrommet fra skoleslutt og til foreldra kommer heim fra jobb? Hvem sjekker at nettbrettet kun blir brukt til skolebruk?

Kommunedirektør svarte på dei konkrete spørsmåla:

1. Hva er begrunning for ikke å følge Udir sin anbefaling ang filter for hele barneskolen.

Ei heilskapleg vurdering gjort av e-kommune Sunnmøre vurderte at reine tillattlister / whitelist (slik Utdanningsdirektoratet tilrår som mogleg tiltak) kan føre til stor risiko for at læringsressursar og digitale undervisningsverktøy ikkje fungerer slik dei skal, og det ville avgrensa negativt den pedagogiske bruken. Difor er det valgt ei løysing med fleire lag av vern og aldersbasert filtrering i staden på 3 - 4 trinn, og i denne vart elevane sitt behov for beskyttelse vurdert som tilstrekkeleg.

2. Hvilke læringsressurser og digitale undervisningsverktøy slutter da å fungere? Alle ressursar (læringsressurser og digitale undervisningsverktøy) enn dei som er gjort tilgjengeleg via tankeløysing, sluttar å fungere med tillattlister / whitelist.

3. Hvem har ansvaret i tidsrommet fra skoleslutt og til foreldra kommer heim fra jobb?

Etter skuleslutt vil eksisterande filter beskytte elevane som i skuletida. Det er då heimane som må følge opp barna, etter retningslinjer definert av skulen. Vi har utarbeidd retningslinjer for bruk av nettbrett, og desse skal ut på kommunen si heimeside.

4. Hvem sjekker at nettbrettet kun blir brukt til skolebruk?

Føresette / heimen har eit ansvar for å følgje opp at læringsbrett blir brukt i tråd med retningslinjene.

Utvalet samtalte vidare rundt spørsmåla og svara. Bl.a. om at foreldre / føresette må bruke egne filter på egne private datanettverk.

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

LEV - 014/26 Vedtak:

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.